

FORORD

Utarbeida av Styret i Førdefjella villreinområde med god hjelp fagfolk og oppsynsfolk , våren 2024



Innhold

1	Om villreinområdet	4
1.1	Historikk	4
1.2	Områdebeskrivelse	4
1.3	Planperiode	4
1.4	Kunnskapsgrunnlag.....	5
1.5	Evaluering etter førre bestandsplanperiode	5
2	Kunnskapsgrunnlag og bestandsforhold.....	6
2.1	Slaktevekter	6
2.2	Kalvetellinger.....	7
2.3	Genetisk variasjon.....	7
2.4	Helsestatus	7
2.5	Beiteforhold	8
2.6	Fellingsstatistikk	8
3	Mål for planperioden.....	9
3.1	Hovedmål.....	9
3.2	Målsetningar for bestandsstorleik.....	9
3.3	Målsettingar for parametere i kvalitetsnormen	9
3.4	Andre mål.....	9
4	handlingsdel.....	10
4.1	Avskytingsplan	10
4.2	Andre tiltak	11

1 OM VILLREINOMRÅDET

1.1 Historikk

Førdefjella reinen er utsett tamrein frå 1948 og 1950. Den vart kalla angedalsreinen ut frå området den vart utsett frå. I 1967 fekk denne reinen status som villrein og Førdefjella namnet kom inn. Når det gjeld bestandsplaner for slike små flokkar av villrein er ikkje dei lette å følgje då føresetnadene for ei god forvaltning kan endre seg fort. Det viktige er å ha eit nettverk med jaktrettshavarar, tilsyn og jegerar som går i fjellet og kan registrere hendingar som skjer i flokken og melder frå til utval og nemnd. Men bestandsplan i tråd med lover og forskrifter om viltforvatning og tilpassa området er eit bra og nødvendig dokument å styre forvaltninga etter.

Historikken til reinen i Førdefjella er godt beskriven i Jubileumsskriftet for Førdefjella villreinområde 1948 – 1998. Etter denne perioden har det også vore sett ut rein med god og mindre god erfaring. I 1996 vart det kjøpt inn 4 mørke 11/2 års bukkar. Dei fekk namna Steinar, Malvin, Helge og Leidulf etter karane som henta dei. Sleppet var i Ådalen og etter få dagar kom dei til flokken i Åstøylsfjellet. Så vart det kjøpt inn 4 bukk og 3 simler som vart slepte i Jardalen i 2006. Desse dyra varde det ikkje lenge før dei vart sakna.

1.2 Områdebeskrivelse

Teljande areal

Var frå 1967, 170 km² for Gloppen kommune, 82 km² for Naustdal kommune og 81 km² for Jølster kommune. Til saman 333 km². Seinare kom Førde kommune til med 27 km² og Gloppen kommune fekk auka sitt areal og då vart teljande areal auka til 394 km².

I 2016 vart det kravd at Førdefjella villreinområde på ny måtte søkje om «Godkjenning av villreinvald». Då vart utrekninga gjort med nye, digitale kart og arealet vart endra i storleik. Teljande areal vart då fordelt slik: Gloppen kommune 225 km², Naustdal kommune 104 km², Jølster kommune 86 km² og Førde kommune 27 km².

Teljande areal for Førdefjella villreinområde er per i dag 423 km².

Eigedomstilhøve

Heile villreinområdet er i privat eige, og det er sær mange grunneigarar i dette villreinområdet. Ei oversikt frå 2002 syner i alt 250 bruksnummer som er jaktrettshavarar, fordelt på 77 i Gloppen kommune og 173 i Sunnfjord kommune. Seinare kan dette talet ha endra seg noko.

1.3 Planperiode

Denne planen skal gjelde frå 2024 til og med 2028.

1.4 Kunnskapsgrunnlag

Førdefjella villreinområde er eit lite villreinområde som ikkje har tilgang til fast tilsette ressursar. Både oppsyn og teljingar vert utført av frivillige, og det set sine avgrensingar på kor ofte og grundig dette vert gjennomført.

Siste åra har vi hatt god hjelp av Norsk institutt for naturforskning (NINA) som gjennomfører kalveteljingar på sommaren for alle villreinområda. I tillegg bygger vi på teljingar som er gjennomført av lokale ressursar når dei kjem over rein, og på teljingar som oppsynet har gjort under og etter jakta.

Det er dessverre noko mangelfullt med strukturert innsamling og registrering av desse teljingane siste planperioden. Vi har derfor ikkje tatt med minimumsteljing og strukturteljing i denne bestandsplanen. Det er eit mål å ha dette talgrunnlaget på plass ved neste revisjon.

1.5 Evaluering etter førre bestandsplanperiode

Måloppnåing frå førre bestandsplan:

- Auka stammen til 100 vinterdyr
 - Ikkje oppnådd. Vi har ikkje veldig sikre minimumsteljingar, men det meste tyder på at stammen framleis ligg på 80-85 vinterdyr.
- Innsamling av data
 - Delvis oppnådd. Fellingsstatistikk og rapportering av vektorer har fungert brukbart. Det vert litt mangelfulle data av at mange har brukt anslåtte vektorer i rapporteringa. Kalveteljing fungerer godt ved hjelp av NINA. Strukturteljing og særleg minimumsteljing manglar det litt på.
- Oppsyn/tilsyn
 - Oppnådd - Fungerer godt.
- Beitetaksering i samarbeid med verneområdestyret
 - Ikkje oppnådd. Fekk ikkje midlar.
- Vere på vakt mot rovdyr
 - Oppnådd. Ikkje avdekka hendingar i perioden.

2 KUNNSKAPSGRUNNLAG OG BESTANDSFORHOLD

2.1 Slaktevekter

Tabellen under syner dei registrerte slaktevektene som ligg i Hjorteviltregisteret. Det vert felt få dyr i ein liten stamme, so materialet bygger på eit lite antal vektor. I tabellen er anslåtte vektor tatt med. Dei vert ikkje godtatt i kvalitetsnormen og i statistikkane som hjorteviltregisteret publiserer.

TABELL 2. SLAKTEVEKTER I KG

Årstall	Hannkalv	Hunncalv	Bukk 1,5 år	Simle 1,5 år	Bukk 2,5 år+	Simle 2,5 år+
2020		15			74	45
2021	19,5	17	35			44
2022	16	21,5	43	35		40
2023	18	17,33	49			47,33

Det er for få vektor og data til å syne ei trend her. Men om vi samanliknar med klassifiseringa i kvalitetsnormen so ser det ut til at gjennomsnittsvakta for kalv ligg ganske stabilt og tett oppunder 18 kg. Men ikkje over 18 kg.

TABELL 3. KLASSIFISERING ETTER KVALITETSNORM FOR VILLREIN; KJØNNS- OG ALDERSKORRIGERT SLAKTEVEKT FOR KALV

	Dårlig	Middels	God
Kvalitetsnorm	< 15 kg	15 – 18 kg	> 18 kg
Status i villreinområdet		x	
Trend		stabil	

2.2 Kalvetellinger

I tabell 4 er det synt tal som er henta frå Hjorteviltregisteret. Her og er det litt tynt talgrunnlag å bygge på, men vi brukar det vi har. I snitt siste tre åra det vore omlag 47 kalv per 100 simle/ungdyr i stammen under teljingane om sommaren.

TABELL 4. KALVETELLINGER

Årstall	Antall telt	Kalv	Simle/ungdyr	Bukk	Kalv pr S/U
2021	65	25	39	1	64,1
2022	44	11	26	7	42,3
2023	58	14	40	4	35
I snitt					47,6

TABELL 5. KLASSIFISERING ETTER KVALITETSNORM FOR VILLREIN; ANTALL KALV PR 100 SIMLE/UNG DYR

	Dårlig	Middels	God
Kvalitetsnorm	< 35	35 – 50	> 50
Status i villreinområdet		x	
Trend		Ikkje nok data	

2.3 Genetisk variasjon

TABELL 8. KLASSIFISERING ETTER KVALITETSNORM FOR VILLREIN; GENETISK VARIASJON

	Dårlig	Middels	God
Kvalitetsnorm	> 3 %	0 – 3 %	0 %
Status i villreinområdet	x		

Førdefjella har utfordringar med genetisk variasjon, som mest truleg er ei direkte følgje av låg bestandsstorleik og ingen utveksling med andre flokkar.

2.4 Helsestatus

TABELL 9. KLASSIFISERING ETTER KVALITETSNORM FOR VILLREIN; HELSESTATUS

	Dårlig	Middels	God
Kvalitetsnorm	Påvist	(Benyttes ikke)	Ikke påvist
Status i villreinområdet			x

2.5 Beiteforhold

Førdefjella villreinområde strekk seg i frå kulturlandskapet nede i dalane og ved fjordane og oppover til dei høgste fjella på over 1500 meter over havet. Her er gode sommarbeite for både villrein og andre beitedyr. Vinterbeite er noko dårlegare, i kvalitetsnormen er dette vurdert til middels verdi. Mildt og skiftande vinterklima kan gje utfordringar. Dette har reinen siste åra delvis kompensert ved å beite mykje ned mot og på innmark på seinvinteren og våren, særleg rundt Sandane.

Lavbeite er i kvalitetsnormen vurdert til middels kvalitet (gult nivå).

2.6 Fellingsstatistikk

Her er oversikt over fellingstal frå 2000 til 2023, henta frå Hjorteviltregisteret.

Jaktår	Tildelt totalt	Felte totalt	Fellingsprosent
2000	18	14	78
2001	9	7	78
2002	10	10	100
2003	9	9	100
2004	10	9	90
2005		ikkje jakt	
2006		ikkje jakt	
2007	10	10	100
2008		ikkje jakt	
2009		ikkje jakt	
2010	10	10	100
2011	10	10	100
2012	10	9	90
2013	10	10	100
2014	18	18	100
2015	20	9	45
2016	10	10	100
2017	15	10	67
2018	10	7	70
2019	10	10	100
2020	12	8	67
2021	10	9	90
2022	12	6	50
2023	12	9	75
Totalt	235	194	83 %
I snitt	11,8	9,7	

Med unntak av nokre enkeltår med høg tildeling av løyver, vert det i dei fleste år delt ut om lag 10-12 løyve, og det vert felt 8-10 dyr. I snitt har fellingsprosent vore litt over 80 %. Merk då at nokre av dei dyra som ikkje har vorte felt skuldast at villreinutvalet har halde att kort grunna låge teljingar om sommaren.

3 MÅL FOR PLANPERIODEN

3.1 Hovedmål

Forvalte villreinstammen i Førdefjella på ein berekraftig måte som sikrar stammen for framtida, samstundes med at villreinen vert ein ressurs for jaktrettshavarane i form av jaktutbytte og gode opplevingar.

Det er og eit mål å ta vare på stammen som ein verdi for fjellområdet til glede for andre brukarar.

3.2 Målsetningar for bestandsstorleik

Det er eit mål å ha ein vinterbestand i Førdefjella på mellom 90 og 100 dyr.

Det er eit mål å halde oppe ein høg reproduksjon, gjennom å ha ein god andel vaksne simler og store bukkar i stammen.

3.3 Målsettingar for parametere i kvalitetsnormen

Delnorm	Måleparameter	Status 2020-2022	Målsetting
Bestandsforhold	Slaktevekt på kalv	17,7	Over 18
	Antall kalv pr. 100 simle/ungdyr	47,6	Over 50
	Andel eldre bukk pr. voksen simle	Ingen data	Over 0,35
	Genetisk variasjon	Dårleg	Middels
	Helsestatus	God	God
Lavbeiter	Lavbeiter	Middels	Middels
Leveområder	Funksjonell arealutnyttelse	God	God
	Funksjonelle trekkpassasjer	God	God

3.4 Andre mål

Betre talgrunnlaget og kunnskapen gjennom meir strukturert innsamling av fellingsdata, teljingar og CWD-prøver. Dette vil danne grunnlag for betre og meir nøyaktig bestandsplanlegging og forvaltning i framtida.

4 HANDLINGSDEL

4.1 Avskytingsplan

Nedanfor her står eit forslag til avskytingsplan for 2024-2028. Det er lagt til grunn ein del vilkår for planen som bør forklarast.

- Det er ein ganske forsiktig plan som tek høgde for ein del uføresette hendingar.
- Det er lagt til grunn dagens tal på kalv per 100 simle/ungdyr. Planen har mål om å auke denne til over 50, men vi vågar ikkje å forskottere med den auken.
- Det er lagt til grunn at 65 % av vinterstammen er simle/ungdyr. Det er kanskje lågt, men i tråd med den forsiktige og konservative planlegginga. Vi får heller sjå det som ein bonus om tilveksten blir høgare.
- I tabellen er det lagt til grunn ein naturleg avgang på 10 %. Det er meir enn kva som har vore brukt tidlegare, men det er ting som tyder på at denne avgangen har vore større enn antatt dei siste åra.
- Det er lagt til grunn

TABELL 10. TEORETISK AVSKYTINGSPLAN

År	Vinterstamme	Kalv/100 SU (snitt)	Netto-tilvekst	Kvote	Uttak ved 90 % felling (snitt)	Naturlig avg. 10 %	Rest
2024	80	47	24	12	11	8	86
2025	86	47	26	15	14	9	90
2026	90	47	27	18	16	9	92
2027	92	47	28	20	18	9	93
2028	93	47	28	20	18	9	94

TABELL 11. PLAN FOR FORDELING AV KVOTE PÅ ALDER OG KJØNN.

Kategori	Kalv	Simle/ungdyr	Fritt dyr
% uttak	40	40	20

4.2 Andre tiltak

- Gjennomføre minimumsteljing på vinterstid kvart år og rapportere disse til Hjorteviltregisteret
- Gjennomføre kalveteljing kvart år i samarbeid med NINA og rapportere disse til Hjorteviltregisteret.
- Gjennomføre strukturteljing kvart år etter jakt og rapportere disse til Hjorteviltregisteret.
- Alle felte dyr skal vegast nøyaktig. Både felling og vekt skal rapporterast til Hjorteviltregisteret (Sett&Skutt) av jegerane sjølv straks etter felling.
- Det skal takast CWD-prøver av alle felte dyr eldre enn kalv.
- Villreinutval og villreinnemnd må jobbe opp mot nasjonale myndigheiter og forskningsmiljø for å sjå på tiltak for å betre den genetiske variasjonen i stammen og redusere innavl.



*Storbukken, skoten ved Synet av Jonny Lofnes,
med stifinnar og berar Magnus Mo og Svein Arne Vågane i 2014.*